

Tilskot til mindre fysiske tiltak i kommunane

SØKNADSSKJEMA 2016

Søknaden skal sendast til:

Elektronisk adresse: hfk@hfk.no

Søknad merkast med: "Tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak i kommunane – søknad om tilskot (FTU) – ref. 2014/14645"

(Alle punkta **skal** fyllast ut. Eitt skjema per tiltak)

Namn på tiltak

Søkjjar (kommune)

Navn: Tysnes kommune

Adresse: Uggdalsvegen 301

Postnr./stad: 5685 Uggdal

Org.nr.: 959 412 340

Kontonr.: 3525.07.00340

Prosjektnr.:

Ressursnr.: 500475

Administrativ kontaktperson hjå søkjjar

Navn: Ivar Erstad

Telefon: 53 43 71 15

E-post: Ivar.erstad@tysnes.kommune.no

Mobil: 982 27 610

Type tiltak	Kostnad	Søknadsbeløp	Ansvarsomr./vegeigar	Planavklaring	Forankring i plan	Område	Framdrift	Eigenandel
Kven er tiltaket retta inn mot? - Mjuka trafikantar - Møteulukker - Utforkøyringsulukker - Anna (spesifiser)	Kva er tiltaket sin totale kostnad (eks mva).	Det kan søkjast om inntil 70 pst av tiltaket sin totale kostnad. Kva er søknadsbeløpet for tiltaket (eks. mva.)	På kva ansvarsområde ligg tiltaket? - Kommunalt	Dersom tiltaket krev reguleringsplan, skal denne ligge ved på søknadstidspunktet. Krev tiltaket reguleringsplan? (ja/nei) Ligg det føre godkjent reguleringsplan? (Ja/nei)	Er tiltaket forankra i gjeldane kommunale trafikksikringsplan? Oppgjev sidetalet. - Ja - Nei - Har ikkje oppdatert plan	I kva område ligg tiltaket? - Langs skuleveg - Tettbygd strok - Langs strekning utanfor tettbygd strok (70 km/t el. meir) - Knutepunkt/ haldeplass	Når kan tiltaket starta opp? (dd.mm.åååå) Når skal tiltaket vere ferdig? (dd.mm.åååå)	Eigenandelen på 30 pst skal være avklart. Er den: - Budsjettert - Vedteke - Ikkje avklart

<ul style="list-style-type: none"> - Mjuke trafikantar - Barn i skule og barnehage - Unngå ulukker ved levering, parkering og rygging med barn i nærleiken - Unngå treffulykker ved hovudveg mellom born og bilar - Gje sikrere av- og påstignng for buss for skuleborna 	Kr. 500.000	Kr. 250.000	Kommunalt og ved fylkesveg	Tiltaket er planklart	Har ikkje oppdatert plan, men arbeider p.t. med rullering	<ul style="list-style-type: none"> - Langs skuleveg - Knutepunkt/haldeplass 	Gjennomføring i skuleferien	Er budsjettert i 2016
---	-------------	-------------	----------------------------	-----------------------	---	---	-----------------------------	-----------------------

Omtale av tiltaket

Type tiltak, teknisk spesifikasjon, namn og spesifisering av stad. Melding om planavklaring. Melding om tiltaket må grunnervest, byggeplan, evt anbod eller kan gjennomførast med det same.

Vedlegg: Oversiktskart (eksempelvis M=1:50.000). Situasjonsskart/detaljar.

Tiltaket ligg i område der det er samla både barneskule 1-4 for bygdene Uggdal, Reksteren, Tysnes og Lunde (om lag 100 elevar) samt barnehage med 6 avdelingar i same område. I område ligg også eit større idrettsområde med grasbane, kunstgrasbane og andre fasilitetar. Nord for barnehagen og skulen ligg eit større industriområde der det mellom anna er lokalisert eit entrepenørfirma, det er også byggvareutsal i dette område. Dette fører til noko tyngre transport langs vegen som går ved skulen/barnehagen. Lengre opp i Dalen ligg Haaheim Gaard, restaurant og hotell samt Dalen Golf, dette generer noko trafikk.

Heilt sida barnehagen på Reiso vart etablert i 2012 har det vore eit ønskje om å betra trafikktryggleiken forbi Uggdal skule, det er i dag om lag 200 barn i område i alderen 1 til 9 år. Ut frå at skulen ligg litt klure til og ut frå at både skulen og barnehagen dekker fleire bygder er mest alle borna avhengig av bil/busstransport til og frå barnehage/skule.

Det har og vore diskutert med SVV om nedsett fartsgrense til 30 km forbi barnehagen/skulen med etablering av ei til to fartshumper.

For ei tid tilbake kom det forslag frå Samarbeidsutvalet ved barnehagen om korleis av/påstigning og parkering kunne utformast i praksis. Dette er noko modifisert, men slik at både kommunen og SU er eining om tiltaka.

Desse omfattar følgjande:

1. Det etablerast ein 30-sone forbi skule/barnehage med ei fartshumpe rett aust for boss stativet.
2. Kjøremonsteret ved av/påstigning til barnehagen endrast ved at det blir sett opp skilt for påbudt kjøretning og innkjøring forbudt.
3. Ingen parkering for tilsette framfor skulen mot rundkjøringa. Arealet skal berre vera for av/påstigning og varelevering.
4. Tilkomst og parkeringsplass på Njardar sitt område blir asfaltert.

5. Kjøreretning for av/påstigning til barnehagen og i rundkjøringa blir merka med kvit oppmerking. Det same blir område for av/påstigning til barnehagen. Sjå teikning datert 160915/IE.

Tiltak 1 er gjort for å hindra ulukker der barn kjem ut i hovudveg.

Tiltak 2 er gjort for å hindra ulukker ved levering av born i barnehage, me sikrar med denne løysinga at det ikkje vert aktuelt å rygge ut frå parkeringsplass, påboden køyreretning gjev eit meir føreseieleg trafikkbilete.

Tiltak 3 gjev eit meir føreseieleg trafikkbilete og reduserer risiko for ulyker ved av og påstigning frå skulebuss.

Tiltak 4 inneber at me får flytta fast parkering vekk frå dei områda borna oppheld seg i og understettar tiltak 2 og 3.

Tiltak 5 understettar tiltak 2 og 3

Tiltaka er drøfta i skulen og barnehagen sine partssamansette organ: Samarbeidsutval og Foreldrearbeidsutval.

Vedlegg:

1. Kartutsnitt – arealføremål i område
2. Skisse over gjennomføringsplan

Meir utfyllande opplysingar kan framskaffast ved behov.

Tidsramme og prosess for gjennomføring

Kan startast opp: (2016-06-15)

Pårekna avslutta: (2016-08-15)

Kan gjennomførast omgåande - **ja**

Må lagast anbod - **ja**

Må lagast byggeplan - **nei**

Må ervervast grunn - **nei**

Må regulerast - **nei**

Vedlegg: Skisse til framdriftsplan

Finansiering (alle beløp i kr eks mva)

Total kostnad for tiltaket: kr. 500.000

Eigenfinansiering (min 30 pst): 250.000

Søknadsbeløp (inntil 70 pst av tiltaket sin totale kostnad): 250.000

Eigenandelen er:

Budsjettert

Vedtak ligg føre

Ikkje avklart

Det vert med dette stadfesta at søkjar har lest og godteke vilkåra for tilskotsordninga, jf. invitasjonsbrev.

Dato/stad

Underskrift ansvarleg søkjar